


Slektsforum

Løssalg kr. 20,-

Medlemsblad for Slektsforum Karmøy - Årgang 2 - nummer 2 - juni 1998



Trenger hjelp til å skrive om utvandringen fra Skudenes

Olav Tysdal, forsker ved Høgskolen i Stavanger, tar doktorgrad på konsekvensene av utvandringen fra Skudenes. Slektsforum Karmøy blir en av samarbeidspartnerne hans.

SIDE 3

Gamle dagers kreaturhandlere på Karmøy

Elias Dyrland forteller om Berrfotte Ommund og gjengir også historien om da Ola Lygar ble lurt av Svarte-Peter skomaker i Kopervik.

SIDE 8


- Vi går i båten og må forsøke å greie oss selv

Dette er det siste livstegnet Skagen Radio har registrert fra de sju ombord på haugesunds båten "Skåre" før den forsvant i et overhendig uvær i Skagerak natta til 9. november 1945. Hele mannskapet - alle fra vårt distrikt - omkom.

Fra Sauda "Skåre" var underveis, syv manns besetning på denne reis. Og staute sjømenn de alle var, vi dem i minnet her hjemme har.

Jo, da de reiste og drog mot sør med last av rujern, bestemt Korsør. Og det var høst og en stormfull natt, da de var kommet til Skagerak.

Slik lyder de to første versene i Åkradikteren Loffen's dikt om da Einar M. Gaards "Skåre" gikk ned utenfor Skagen natten til 9. november 1945. "Skåre" var på 198 bruttotonn og solid bygget i tre og



"Skåre" var på 198 bruttotonn, bygget i tre og levert fra verksted i februar 1942.

levert fra Ottesen's verksted i Sagvåg i februar 1942. Den hadde en 200 hestekrefters, 4 sylindret dies-

elmotor og kunne gjøre 8 mil med last. Som Loffen sier hadde "Skåre"

(Fortsetter på side 10)



Før "kinavennene" bygde Stangeland Misjonshus

SIDE 4 og 5



Misjonsstykkjet i Ferkingstad i ferd med å bli seld?

SIDE 7

I torvmyra

SIDE 2

Den hemmelighetsfull sjømannen

SIDE 6

Den gamle kyrkjeboka

SIDE 9

Karmøy Bilsenter



Jan Erik Naley
Tlf. 52 82 49 82

Fax. 52 82 49 09
Mobil 946 16 207
Privat 52 82 89 82

I REDAKSJONEN:

- Ole Steinar Tøtlandsmo, Sævelandsvik.
- Jostein Heggheim, Åkrehamn.
- Leif R. Olsen, Sørhåland,
- Alf Lundberg, Kopervik.

STYRET I SLEKTSFORUM KARMØY:**LEDER:**

- Arnhold Nornes, Skudeneshavn.

NESTLEDER:

- Ole Steinar Tøtlandsmo, Sævelandsvik.

STYREMEDLEMMER:

- Jostein Heggheim, Åkrehamn.
- Grethe Syre, Skudeneshavn.
- Kjell Sørlund, Vedavågen.

VARAMEDLEMMER:

- Harald Syre, Skudeneshavn.
- Dag Einar Alfsen, Skudeneshavn.

KASSERER:

- Birger J. Nornes, Skudeneshavn.

**SLEKTSFORUM KARMØY KAN
KONTAKTES PÅ:**

- Postadresse: Boks 135,
4281 Skudeneshavn
- Kontoradresse: Dr. Jensensvei 2,
4280 Skudeneshavn
- Internettadresse:
slektsforum@karmoy.online.no
- Hjemmesiden:
<http://home.sol.no/~leiolsen/slektsforum>



Så er vi nok en gang kommer til en ny utgave av medlems-bladet. Det blir en amputert kommentar fra lederen denne gangen. Vi skal også i år være med under

Lederen har ordet

Skudfestivalen og håper i denne forbindelse at mange medlemmer finner turen til Skudeneshavn og at dere også finner veien til «standen» vår.

Vil ønske alle medlemmer en god sommer.

Nytt om internett

For de av medlemmene som har tilgang til internett kan vi nå opplyse om at de første deler av «Bygdebøkene» nå er å finne på sidene våre. Flere sider kommer etter hvert som de blir ferdig bearbeidet.

I torvmyra

FRA HAUGESUNDS AVIS 26/5
1979

I «de gode gamle dager», ikkje lenger attende enn omlag 30 år, hadde folk ei vinna etter vårvinna, og det var torvmyra.

Det var sjølv sagt mange bygder, også her omkring som ikkje hadde so mykje med torvmyra å gjera, og det var dei bygder som hadde skog, og kunne forsyna seg med vinterbrensel frå den. Men dei skogfattige bygdene hadde torvmyra å ty til. Det var jamnast den einaste energikjelda for oppvarming av huset gjennom vinteren, frå den kom og brenselet til å koka maten med, såvel sumar som vinter.

Torvmyr haurde det til eit kvart bruk, men ikkje alltid låg torvmyra, eller torvsparetten på eigen grunn. Det var ofte teigblanding mellom bruka på det området, og det var oftast gamle, hevdvunne rettar som låg til

grunn, for folk hadde frå Arilds tid vor nøydt til å skaffa seg slike rettar. Når det var offentlig utskiftning på ein gard måtte utskiftnings-retten syrgja for at kvart bruk hadde sin plass å spa torv på. Utskiftningsmennene prøvde elles alltid på at kvart bruk si torvmyr låg på eigen grunn, men dette let seg ikkje alltid gjera, difor hadde ofte eit bruk rett å spa torv på eit anna bruk si torvmyr.

Torvmyrhinna varierte, alt etter korleis myra var å spa torv i, og også etter kor godt kvar forsynte seg med vinterbrensel. I dei fleste myrar hadde dei røtene å kjempa med, desse gamle vitnemål om at her hadde det ein gong vore stor skog av gran og furu. Dersom desse røtene dukka opp fyrst når ein var komen fleire djupner ned i torvskoren var det eit slet med øksa for å hogga av den. Men det kunne henda at

(Fortsetter på side 6)

Et selskap i Volkswagen-konsernet

Tlf. 52 82 48 88
Fax. 52 82 49 77

4276 Vedavågen

Konsekvensene av emigrasjonen fra Norge til Nord-Amerika

AV OLAV TYSDAL

I denne artikkelen orienterer Olav Tysdal, forsker ved Høgskolen i Stavanger, om doktorgradsavhandlingen sin. I følge Tysdal er denne studien en dybdeundersøkelse av de demografiske, økonomiske, sosiale og allmennkulturelle konsekvensene av utvandringen fra Skudenes prestegjeld i Rogaland 1865-1965


Den oversjøiske utvandringen fra Europa begynte for fullt etter napoleonskrigene. I løpet av det neste hundreåret fram til utbruddet av første verdenskrig, kom antall emigranter opp i ufattelige nesten 60 millioner. Langt de fleste av disse hadde Nord-Amerika som reisemål.

Helt siden migrasjonsforskningen ble etablert både nasjonalt og internasjonalt, har det meste av oppmerksomheten ut fra en rekke forskjellige innfallsvinkler, vært rettet mot emigrantene, deres rolle som immigranter og de områdene som tok imot dem.

Interessen for de som ikke reiste og hvordan det gikk med dem, har vært langt mindre. Dette kan synes noe merkelig ettersom en utflytting av dette omfang nødvendigvis også måtte få store individuelle og kollektive konsekvenser i de samfunnene der rekrutteringen av emigrantene skjedde. Disse kom direkte til uttrykk bl.a. gjennom det store "folketabet" og ved at befolkningsutviklingen ble påvirket. I de mest ekstreme tilfellene vet vi at grender mistet alle sine innbyggere og forsvant. Utvandringen virket også inn på tilgangen til levebrød, virket inn på lønnsnivået osv.

Studier av de indirekte konsekvensene av utvandring setter påvirkning og innflytelse tilbake fra immigrantmiljøene i sentrum for interessen. Dette kan komme til uttrykk gjennom økonomiske overføringer, innovasjoner som f.eks. bruk av nye redskaper innen primærnæringene, kulturrendringer osv.

Manglende oppmerksomhet mot konsekvensene av utvandring innebærer at det finnes lite forskning og få systematiske arbeider å vise til.



Olav Tysdal, forsker ved Høgskolen i Stavanger, tar doktorgrad på konsekvensene av utvandringen fra Skudenes.

Fra norske forfattere har vi Sigmund Skards "USA i norsk historie" fra 1976 og Steinar Bryns "Norske amerikabilete - om amerikaniseringen av norsk kultur" fra 1992. Nevnes bør også Henricson og Lindblad "Tur og retur America. Utvandrerne som førendrade Sverige" fra 1995. For en regional/lokal tilnærming kan det bl.a. vises til noen undersøkelser fra Irland.

Hovedmålet med mitt prosjekt er en kartlegging, dokumentasjon og drøfting av de direkte og indirekte konsekvensene av utvandringen fra Norge til Nord-Amerika. Dette skal jeg få til ved hjelp av en dybdeundersøkelse av den demografiske (befolkningsmessige), økonomiske, sosiale og allmennkulturelle utviklingen i et norsk lokalsamfunn som hadde stor utvandring og tette forbindelser til Nord-Amerika, nemlig Skudenes prestegjeld i perioden 1865-1965.

Den praktiske tilretteleggingen av prosjektet skjer ved at undersøkelsen fordeles på de samme fire delelevene. Følgende spørsmål vil bl.a. bli besvart: Hva skjedde med de som ikke reiste og det samfunnet som de var en del av? Hvor mange dro, hvem var de, hvor mange og hvem kom tilbake? Hvordan kom utvandringen i løpet av undersøkelsesperioden til å virke inn på befolk-

ningsutviklingen i området? Hvilken rolle spilte Nord-Amerika i moderniseringsprosessene i Norge i løpet av disse årene? Hvordan er sammenhengen mellom amerikaniseringen av det norske samfunn og masseutvandringen?

Jeg vil benytte meg av både kvantitative (statistikk osv) og kvalitative (brev, aviser, intervju osv) metoder. Det finnes en mengde ulike kilder. Jeg har valgt å starte med en kartlegging av de demografiske konsekvensene.

I løpet av et par uker skal jeg være ferdig med en førstegangsregistrering av emigrantene basert på Gards og ættesoge for Skudenes og Skudeneshavn og ikke minst den reviderte og utvidete versjonen som Johannes Mjølhus m.fl. har stått for. Til grunn for dette arbeidet ligger først og fremst kirkebøkene og i noen grad folketellingene.

Vi vet at prestens flyttere registreringer ble mer og mer mangelfulle i siste del av 1800-tallet. Emigrantprotokollene for Stavanger, den havnen som ble benyttet av flertallet av Karmøy-emigrantene, ble ødelagt av brann i 1929. Dette gjør registreringsarbeidet spesielt vanskelig. Jeg vil derfor være helt avhengig av lokal hjelp for å få en så komplett oversikt som mulig.

Jeg er svært takknemlig for den velviljen som jeg er blitt møtt med i det lokalhistoriske miljøet på Karmøy representert ved Slechtsforum Karmøy

Har du noen opplysninger å bidra med når det gjelder de som utvandret, kan du kontakte Olav Tysdal eller Slechtsforum Karmøy.

Før "kinavennene" bygde Stangelands Misjonshus

FRÅ BOKA "KRISTENLIV I ROGALAND"

I denne vesle artikkelen får vi innblikk i historia til Kinamisjonen i Kopervik, og opp- takten til bygginga av Stangeland Misjonshus

Då Bård Stana slo seg ned i Kopervik, var der snau tre hundre menneske, men det vesle venelaget som var her då, fekk snart nye vener. Haugevenene heldt strekt på veneflokken som «meningheten», men dei heldt omlag like sterkt på kyrkja, og den tok til sist luven frå det vesle venesamfunnet. Då dei la grunnsteinen til den nye kyrkja i Kopervik i 1860, dikta Stana to songar, som dei song under høgtida.

Då Thormod Rettedal i 1885 arbeidde i den store vekkinga som gjekk over Karmøy, var han mykje i Kopervik, og der budde han hjå Andreas Nielssen som var mykje med han i arbeidet. Nielssen var sjølv ein god talar, og omgjengeleg. Fru Grete Nielssen var gjestfri og ei bønekvinne.

Då Kinamisjonen var skipa kom Rettedal att og bad veneflokken om å arbeide for Kinamisjonen, og mange i Indremisjonen sa ja. Dei heldt møte kvar sundag ettermiddag i bedehuset. Her trong dei ikkje skippe noko kinalag. Dei kunne berre gje ein kollekt når møtet var slutt.

Men kollektane minka av. Det vart gjerne to-tre som gav kvar sin ti øre, som dei kalla «enkens skjerv», og ein dag kom det brev til styret om at det måtte ta seg i vare for Kinamisjonen, og då vart det heilt slutt med kollektane.

Skulle det verte gjort noko som dugde, måtte Gud velje seg nytt mannskap, og så valde han Maren Lilleaas til leiar.

Ho var fødd i Falnes i 1865 som Maren Olava Simonsdatter. Faren var verdslig, og mora bad. Men Maren var viss om at det var mora som hadde rett.

Men ho miste mor si då ho var 7 år gamal, og då ho var femten, reiste ho til Mosterøy for å tene. Seinare



Stangeland Misjonshus slik det ser ut i 1998. Bildet er tatt fra nordsida av huset

bar det til Stavanger. Der hørde ho ofte Lars Oftedal, og var imponert over den veldige talaren, men fekk liksom aldri noko, korkje til tukt eller trøyst.

Tjueto år gamal kom ho til Kopervik. Der fekk ho høyre Thormod Rettedal, og då vart det alvor. Men så sette det seg fast i henne, at ho skulle vere heilag som Gud er heilag. Og med dette arbeidde ho i mange år og hadde det vondt og vanskeleg.

Ein gong las ho ei lita bok som heitte «Nåden og Sandheden». Då såg ho vegen ut or trældomen. Men så fekk ho vite at det var ein metodist som hadde skrive boka, og då kunne ho ikkje lita på læra. Boka måtte vere skriven av ein vranglærer og var farleg.

Men ein dag var det som sagt til henne: Les tredje kapitlet i Galaterbrevet. Ho gjorde det og vart løyst, og ingen kunne seie henne at dette ikkje var rett Guds ord.

Maren vart gift med Ole Lilleaas. Han bygde skip og hus og var ein traust kar. Dei to hadde eitt sinn og ville arbeide for Kinamisjonen. I 1892 fekk ho fleire kvinner med seg

i eit kinalag. Dei stødigaste i flokken var Kristine Vanvik, Johanna Stangeland og Ragnhild Pedersen frå Lindås.

Men no vart Kinamisjonen i Kopervik kalla ei sekt. Når så Maren Lilleaas og venene hennar var på veg til møte med sykorga og arbeidssakene sine, ropa folk: - Sjå kineserane!

Verst var det omkring hundre-årsskiftet med ordinasjonsstriden. Då var det mange som sa:- Ja, no ser me kva slag folk desse kineserane er. Men dei fire vart einige om å snakke med Gud om dette som andre snakka ille om, og då jamna det seg.

Det hende nok at dei var freista til å slutte med dette putlertiet, men så måtte dei gå til Gud med det og. Ein gong snakka dei om å halde møte berre onnor kvar veke i staden for kvar. Men då brast ei kone i å gråte.

Skal eg misse så mykje signing, sukka ho. Både mannen og sønene drakk. Men i kinalaget fann ho signing og hjelp i livsstriden.

Men no fans det fleire varmhjer- ta misjonskvinner i Kopervik, og Torun Larsen var mellom dei

fremste. I 1882 gjekk første basaren for Misjonsselskapet av stabelen i Kopervik og inntektene skulle delas med Waisenhuset i Stavanger. Lars Oftedal tala, og det kom folk heilt frå Tysvær og Bokn. Det var retteleg ei stor stemne.

Torun Larsen heldt seg alltid varm for misjonen. Men ho syntes det same som mange andre, at kinalaget var ein lei konkurrent og burde helst slutte. Dette sa ho til Maren Lilleaas.

- Du må slutte med Kinamisjonen, for den er så galen, sa ho.

- Kva er det som er gale med Kinamisjonen? Spurde ho.

- Det veit eg ikkje, sa Torun. - Men mannfolka veit det.

Torun Larsen var meir interessert i misjonen enn i lærespørsmål. Men Maren Lilleaas meinte at ho ville halde fram med Kinamisjonen til dess ho fekk vite kva som var gale.

Men det var ikkje underleg at Torun Larsen snakka som ho gjorde. Mannfolka sa så mangt. Under eit krinsmøte i Kopervik sa ein mann frå Indre Ryfylke, at Kinamisjonen var den største hindring dei hadde i arbeidet for Misjonsselskapet. Men då reiste losoldermann A. Birkeland seg med sitt breie skjegg og sa:

- I Egersund hadde me ein prest, som leidde arbeidet for Misjonsselskapet slik at han gjorde alt sjølv, og då han reiste låg arbeidet nede. Men då tok kinavenene seg av det, og fekk laget i gang att. Sjølv om Misjonsselskapet er hovudsaka for oss, så vil me ikkje at den åkerteigen som heiter Kinamisjonen, skal forkomast.

Kvinnene i Kinalaget var flittige. Dei spøta og sydde mange nyttige ting og fekk store utstillingar på basarane sine. Då alt var ferdig til å seljast, tigga dei Gud om å få mange pengar til misjonen. Men dei arbeidde ikkje åleine. Mennene stødde arbeidet med all si makt.

På Stokkestranda tok Margrethe Tolleivsen Midtstokke til med eit barnelag i 1893. Det var Ludvig Hope og Andreas Nielssen som kveikte henne for misjonen mellom millionane i China. Ho samla flokken kring seg to gonger om månaden, og kvart år etter jul heldt ho basar, som alltid gjekk betre enn venta. Under lagsmøta las ho av «Kineseren» og andre misjonsskrifter. Dessutan var



Hovedgata i Kopervik ca 1915, då Stangeland Misjonshus vart bygt

sokneprest Ludvig Daae Zwilgmeyer ofte i laget til han reiste frå bygda i 1896.

I 1902 kom «Røyslandvekinga» over Karmøy. Denne vekkinga hadde sentrum i Kopervik. Folk strøymde til frå heile Karmøy. Heile Karmsund stod i loge. Året etter bygde dei bedehus på Stokkastranda, vest i Åkra, nord i Håvik, og på Norheim. Torvastad fekk tre bedehus åleine. Det vart sju bedehus i eit kast attåt dei som stod på Karmøy frå før. Der var ei veldig rørsle. Men etterpå kom ei stille tid.

Ein seinsommardag i 1910 kom Johannes Daasvand til Kopervik. Han sette seg på ei tropp med kofferten og gitaren sin. Mannen kom ut med det same.

- Trur du at eg kan spele ein song her? Spurde Daasvand.

-Ver så god, sa mannen blid. - Det er mi tropp.

Daasvand song og spela på gitaren, og ein stor barneflokk samla seg kring han. Slik vart han ven med borna i Kopervik, og dei fylgde han til bedehuset, som opna seg for han, fordi han var ein god ven med Kristoffer Oftedal, som i tjue år hadde vore fripredikant i Amerika, og hadde ei høg stjerne i Karmsund Indremisjon.

Men tre mann skulle passe på at ingen frinadverds mann fekk tale på bedehuset, og denne vakta fann ut at Daasvand var ein av leierane for frinadverdsfolket. Dermed vart be-

dehuset stengd for han.

Men Daasvand budde i heimen til Ole og Maren Lilleaas. Der heldt han mange møte, og vekkinga heldt ved. Mange søkte Gud der.

No var det ei rik tid for Kinamisjonen, sjølv om bedehusa vart stengde, og dei gamle torde ikkje sleppa kinavenene inn att på bedehusa, fordi dei var redde at Kinamisjonen ville reise med ungdomen.

Så var det ikkje onnor råd enn at kinavenene måtte byggje misjonshuset på Stangeland. Materialane kom på plass med same krigen byrja i 1914.

Er du medlem i
Slektsforum Karmøy?

Den hemmelighetsfulle sjømannen

AV JØRGEN M. LARSEN

I den siste halvdel av 1700-tallet bodde der i Skudeneshavn et ektepar: Torkel Sjursen, født 1734, og hans kone Anne Danielsdatter, født 1733. I sitt hus hadde han innredet butikk og drev en liten handel, antagelig den første handelsforretning i Skudeneshavn.

Deres sønn, Sjur, forlot i ganske ung alder hjemmet og reiste til Holland og seilte til sjøs derfra, i likhet med en stor del av ungdommene fra den tid. Hans foreldre fikk ingen underretning fra ham etter hans avreise og levde således i uvisse om han levde eller var død.

Under sin reise til og fra Bergen brukte hollandske skip i den tid å anløpe Skudenenes og ligge der og avvente føyelig vind. De fremmede sjøfolk brukte da som regel å avlegge en visitt i Torkel Sjursens butikk da de kom i land. Den gamle kone benyttet da alltid anledningen til å spørre etter sin sønn Sjur, men ingen kjente til ham eller

hadde hørt om ham.

En dag, henimot 1780-årene, ankret et hollandsk skip på havnen. Om aftenen kom endel av mannskapet i land, og som vanlig avla også disse et besøk i stedets butikk. Den gamle kone benyttet og da anledningen å spørre etter sin sønn, men med det samme negative resultat. Ingen kjente til ham.

Under deres samtale kom en ung pike fra gården Høyenes inn for å gjøre noen innkjøp. Da hun var ferdig kalte den gamle kone henne inn i et siderom og lukket henne ut gjennom en bakdør. Hun var nemlig bange for at de fremmede sjøfolk skulle følge etter den unge pike når hun gikk hjemover.

Da piken var kommet et stykke på hjemvegen oppdaget hun at en av sjøfolkene allikevel fulgte etter henne. Hun ble da bange og begynte og springe, men den fremmede ropte da på henne på navn og ba henne stanse. I forfjamselsen over at den fremmede kjente til hennes navn, stanset hun, og ble

således innhentet av sjømannen. Denne kunne fortelle at hans navn var Sjur Torkelsen, og at han hadde stått inne i butikken i samtale med sin mor uten å gi seg til kjenne.

Dette bekjentskap mellom sjømannen og den unge piken som ble innhentet resulterte i senere forlovelse og ekteskap. Da Eli Ab-salonsdatter, som var pikens navn, var eneste barn og odelsarving oppgav Sjur sjøfarten og ernærte seg senere som los og gårdbruker på Høyenes. De hadde i ekteskapet 5 barn, 2 sønner og 3 døtre. Begge sønnene, Torkel og Anders, var utkommandert under krigen 1807-14, og tjenestegjorde på kanonbåtene på Østlandet. Den eldste sønn, Anders Sjursen Høyenes, f.1789, d.1877, var min morfar.

Stavanger 1/1-1944

(Fortsatt fra side 2)

rotastuven låg like under avbassinga, og kunne ein få heile stuven vekk før ein tok til med spainga, var ein som regel kvitt rota seinare i torvskoren. Røtene var sjølvsagt tekne vare på, for det var ingen ting som gav meir varme frå seg enn dei, når dei var opphogd og kom i ognen

Ei veker tid var det minste ein kunne sleppa klar med i torvmyra. Kanskje gjekk det også 14 dagar, for dei som ville forsyna seg godt med brensel til vinteren.

Arbeidet i torvmyra var tungt, særleg for den som spadde torvet, men det var heller ingen lett jobb for dei som bar og «vodla» det, og det var ofte borna sitt arbeid å bære torv.

Men torvmyra hadde sin sjarm, og eg minnest den, særleg frå barndomstida. Arbeidet gjekk føre seg på den aller finaste årstida, i siste halvdel av mai. Det kunne være varmt og godt, og ein gjekk berrføtt og vodla torvet på «padlane». Torvmyrs-arbeidet var heller ikkje utan spaning. Når spaaren t.d. var komen seg ned i 5-6 djupner, og vassbenken stod i bue av trykket utanfrå, og truga kvart augneblink med å breستا og fylla torvskoren med vatn, ja då var spaninga stor. Korleis ville det gå med han som stod langt ned i torvskoren mon? Men han som var i torvskoren var alltid på vakt mot ein slik eventualitet, og kom seg alltid opp i rett tid for han var innstilt på at dette ville henda.

Jo, det var gildt i torvmyra. For borna som bar torv, vart det alltid ei kvild kvar gong ein ny torvskor skulle

«Bassast» av. Då fekk ein tid til litt av kvart, soleis laga ein «komler» av torvskitt, og dei var hole, so dei flaut når ein kasta dei ut på vatnet i ein torvskor.

Høgdepunktet i torvmyra var likevel måltidene. Vegen til torvmyra var oftast lang, og for å nytta dagen godt, nista ein seg ut for heile dagen, med mat og kaffikjel. Og heile dagen vil segja frå klokka 8 om morgonen til klokka 7 om kvelden. Det var alltid ein høveleg rasteplass i torvmyra, der ein åt. Her var oppmurt ei primitiv grua av nokon steinar. På den vart kaffikjelen sett, og fyrt under med lyng. Kjelen vart herleg svart mens kaffien vart kokt, men aldri smakte maten bedre enn i torvmyra. Kanskje var det fleire lag som spadde i same myra, og då vart det livleg med prat under måltidene.

Men om torvet vart spadd opp og vodla. Seinare kom etterarbeidet. Det var krakking og pjuting av torvet. Og tilslutt kom heimkjøringa av det på ein skranglete torvmyrveg. Men ingen ting av dette var særleg spanande. Var ein heldig med turken kunne det henda at torvet var komen i hus til jonsoktider. Men oftast vart torvet kjørt heim etter slåtten.

Drugis i Haugesunds Avis 26/5 1979

Misjonsstykkjet i Ferkingstad

AV DIDRIK MJØLHUS OG
INGOLF YTRELAND

I denne artikkelen, som er saksa frå Misjonsselskapet si juileumshistorie (1941), får vi høyra historia om Misjonsstykkjet i Ferkingstad.

Det var ikkje alltid så lett å få inn pengar til misjonen for eit par mannsaldrar sidan. Inntektene var små hjå folk flest, og den flokken som bar misjonsarbeidet, ikkje så stor. Men dei gav det dei hadde, og dei små misjonslaga i bygd og by var trufaste frå år til år. Og hadde dei ikkje pengar å senda, så fann dei oftast eit-kvart å selja. Så vart det gjort om i blank mynt, og fattige misjonsvenner gledde seg for di dei og skulle få vera med å leggja sine små gåver og på den måten rydja sin teig i Herrens vingard.

Men mange tykte det vart heller lite dei såleis kunne yta. Dei såg seg om etter inntekter åt misjonen på anna vis. Og sume stader gav dei eit lam for året omfram noko kontante pengar. Andre gav forteneasta av nokre hummarteiner, og endeleg dyrka misjonsvenner jord og let inntekta gå til misjonen. På denne måten kunne jamvel fattigfolk med kjærleik til Jesu rikssak samla ikkje så små summar om året og senda inn til kasseraren i Stavanger.

Den unge læraren Elias Dyrland i Ferkingstad las noko om dette i Misjonstidende og skjøna straks at her var nytt land å vinna for misjonsarbeidet. Han trudde at bygdefolket hans ville vera med og dyrka jord og lata inntekta gå til arbeidet i heidningeland, ja, han hadde så stor ei von at det kom einkvan frå kvar gard når berre ein eller annan sette seg i brodden. Han tala med Sivert, broren, om saka, for det var no han som måtte seia det siste ordet når noke viktig stod føre. Jau, Sivert vart oppglødd for tanken, og brørne vart samde om å venda seg til ein av grannane, Ola Hebnes. Ola hadde jord nok, og han let sikkert frå seg eit utmarkstykkje til misjonen. Dyrlands-brørne ville ikkje leiga jord,



slik som skikken var dei fleste stadene. Dei meinte det var best å kjøpa ein teig, så var det varig eige for Misjonsselskapet. Dei vende seg til Ola og fekk ja med ein gong. Dei vart vakte på ei tid, dei tri unge mennene, og no fann dei kvarandre på nytt: Ola var raust, han gav stykkjet, og det var omlag ti mål, ein retteleg fin teig mellom Ferkingstad kyrkje og Dyrlandsgarden. Noko utlegg kom det til likevel, for det måtte skyldsetting, skøyte og tingleising til, og dette kosta alltid nokre kroner.

Det varde ikkje lenge før heile bygda visste om det som dei tri unge mennene hadde teke seg føre. Sume tykte det var stort tilteke, men dei fleste vart glade. Det vart ikkje vanskeleg å få folk med til å dyrka teigen og gjerda han inn. Heile sokna var eit misjonslag den tida, og frå kvar ein dag kom dei og ville vera med. «Eg hugsar dagen som det skulle vore i går,» seier Sivert Dyrland. «Eg er snart 96 år, men denne hendinga har brent seg inn i minnet. Me song salmen: «I Jesu navn skal all vår gjerning skje», og så var det ein i laget som heldt bøn og la saka fram for Gud. Stykkjet vart brote og grøfta, og om våren kom dei kjørande frå kvart tunet med eit lass hævvd. Me sådde havre, åkeren var fin, og folket la serleg merke til misjonsåkeren utetter sumaren. Um hausten samlast me att, til skurd, og mange trufaste hender var i arbeid. Me sette kornet i skruv (tolv kornband reist med kornet opp), og så auksjonerte me avlinga på åkeren. Det kom inn ein bra sum, som me sende til Stavanger. Slik heldt me det i mange år, og bygdefolket synte stor interesse

for tiltaket. Styret, som sytte for at arbeidet var gjort i rett tid, førde rekneskap, og det var ikkje lite som år om anna kom inn..

Men så kom ei eller anna krise, og stykkjet vart sett bort for ei viss årleg betaling. Og med dette har det gått sidan. Så kom det ei tid då sume meinte det var best å selja stykkjet. Ein bygdemann som kom heim frå Amerika, baud seksten hundre kroner for det. Og Jørgen Ferkingstad reiste til Stavanger og skulle tale med styret der om spørsmålet, og han kom heim med det bodet at det var best å selja stykkjet. Men det var ikkje alle i sokna som var samde med misjonsstyret her. Misjonsvenene samlast og dryfte saka. Då Jørgen hadde lagt fram sitt, tok Sivert Dyrland ordet. «Dette stykkjet er ikkje noke handelsobjekt,» sa han, «det har vorte til fordi det skulle skaffa inntekter til misjonen. Men det har ein endå større misjon: det skal syna ætta vår i framtida at Vår Herre har vore på vandring i Ferkingstad sokn». Dermed var siste ordet sagt. Stykkjet vart ikkje selt, det ligg der den dag i dag til vitnemål om den gjerning som Gud gjorde i ættene i siste helvta av førre hundreåret.

Saksa frå Liv i vekst (1941)

Gamle dagers kreaturhandlere på Karmøy

I denne artikkelen, sakset fra Karmøy Posten 31.05.1924, forteller Elias Dyrland om Berrføtte Ommund og gjengir også historien om da Ola Lygar ble lurt av Svarte-Peter skomaker i Kopervik.

En av de mest originale kreaturhandlerne på Karmøy før i tida var nok "Berrføtte Ommund" som han vart kalt. Alle disse kreaturhandlerne fekk som regel et klengenavn, enten på grunn av sitt utseende eller på grunn av sitt vesen eller særegenheter i handel og vandel. Berrføtte Ommund fikk sitt klengenavn fordi han alltid gikk berrføtt. Han må ha vært riktig en hardhaus av en kar for han hadde heller ikke stort med klær på seg når han færtet omkring. Han hadde aldri mer enn en bukse på og travet i allslags vær omkring i denne underbuksen som rakk han så vidt opp til hoftene. Rundt livet hadde han surret en lang og svart sokk, hvor han gjemte sin pengebeholdning. Og en åpen trøye og en svær hatt var de øvrige klesplaggene.

En gang møtte Elias Dyrlands far Berrføtte Omund nord ved Vorre. Omund var da på vei sørover med ei stor fin ku. Dyrland kjøpte denne kuen og gav ham en daler på handelen, idet han bad Ommund bringe kuen sør til Dyrlandsgarden, så skulle han få resten av betalingen der. Ommund så snøgt på Dyrland og sa med ett flir: Du er godtruen, du. Eg kan stikka dalen til meg og selja kuen til en annen, ingen har sett på denne handelen. Jo, svarte Dyrland, du vet det er en som ser alt. Ommund sitt flir forsvant. Ja, det veit eg, sa han stilt. Så snudde han seg og gikk til Dyrlandsgarden med kuen.

Da han hadde fått pengene tok han først og stakk disse innfor hatteforet sitt, men da han var kommet forbi hjørnet av løen tok han pengene hurtig ut av hatten sin og stakk disse inn i strømpen som han bar om livet. Han likte ikke noen skulle ha greie på, hvor han hadde sine penger.

En annen av disse raringene var Ola Lygar, det må ha vært et vans-

kelig navn å drasse rundt med, men han hadde gjort seg fortjent til det. Men så lur og lauskjefta han var, traff han sin overmann i Kopervik. Det var en skomaker som bodde ute på Treborg som gikk under navnet Svarte-Peter.

Ola kom en dag til Kopervik med en ku han ville selge, men det fikk han ikke gjort i en hande vending. Skrønene hans under handel gjorde sitt til at han ble gående her med kuen sin. Til slutt ble han lei av å dra rundt omkring med kuen og gikk til Svarte-Peters hytte med kua for å sette den inn i ett naust Peter hadde nær hytten sin. Joda, Svarte-Peter med sitt blide fjes og stemme: Sett berre kua inn til meg du Ola! Ola Lygar så gjorde og sa takk og gikk, men han skulle hente den igjen om en stund. Ut på ettermiddagen kom så Ola tilbake for å få kuen igjen. Da han kom inn i hytten satt Svarte-Peter på krakken sin, men borti et hjørne hang en nyflådd kuskrot. Ola Lygar ante nå fanteskap, Hvor er kua mi blitt av spurte han. Den henger der på veggen, sa Svarte-Peter morskt på sitt kraftig østlandsmål, idet han tok en skomakerkniv og en brynestein i sine svære never og reiste sin mektige skikkelse fra krakken. Ola Lygar kvitnet, men brølte opp om at han ville ha betaling for kua. Javel, svarte Svarte-Peter også gikk han bort og låste hyttedøren. Ola begynte nå og

bli spakere, men raste fremdeles opp om at han skulde ha betaling for kuen. Javel, sa Svarte Peter bistert, hvoretter han begynte å bryne den stygge kniven sin og stirret med et fælt blick på den sinte Ola Lygar. Spøken hadde samlet en del av Svarte-Peters naboer utenfor den låste hyttedøren. Ola Lygar ble nå redd. Svarte-Peter var ikke noen ufarlig kar å sjå til slik han stod der og kveste kniven med døren låst bak seg. Slepp meg ut skrek Ola. Men du vil jo ha betaling for kua, sa Svarte-Peter. Nei, skrek Ola Lygar, slepp meg berre ut. Vil du si det så andre hører på? Det ville Ola, og Peter slapp naboene inn i hytten og de hørte at Ola ingen betaling ville ha for kuen, han ville berre ut.

Ja, så fortelles det. Er det en lang historie, så er den særdeles karakteristisk for Svarte-Peter, som stadig slo seg igjennom med knep og fantestykke. Han var listig, stor og sterk. Ellers ville han ikke klart seg fra alle sine nesten utrolige slyngelstreker.



Parti fra Treborg i Kopervik der Svarte Petter visst nok skal ha holdt til. Bildet er fra ca 1915, og er etter alt å dømme yngre enn historien om Lygar-Per

Den gamle kyrkjeboka

AV JOHAN VEKA

Det er noko eige ved ei gammal kyrkjebok. Du kan lese deg til så mykje der. Her har presten vurdert og registrert dei som høyrde heime i det gamle bygdesamfunnet. Born og vaksne, kvinne og mann, husbond og tenar, husmann og bonde. Her finn du dei alle. Her har dei fått sitt rom i rubrikkane, «Døpte», «Ægteviiede», «Jordfæstede». Og stundom finn me «Corpulerede» i staden for «Ægteviiede». Og frå 1736, då me fekk konfirmasjon, må presten til med ein ny rubrikk «Confirmerede». Han skriv namn og årstal. Han vurderer og registrerer. Og set «Dannemand» framfor namnet åt den rike bonden frå Lunde. Og kona frå Lunde får «Danneqvinde» attåt namn og årstal.

Og der i kyrkjeboka finn eg «En fattig Qvinde som vandret om». I rubrikken «Jordfæstede Anno 1696». Det står ikkje meir. Ikkje namnet hennar. Ikkje alder. Ikkje gift eller ugift. Berre dette: «En fattig Qvinde som vandret om».

Eg tykkjast sjå denne kvinna gå ikring i Ryfylkebygdene med posen og staven. Ei enkje kanskje. Ei einsleg kvinne som ikkje kunne arbeida for maten lenger. Ei gammal kvinne som hadde slite seg ut i teneste hjå andre. Ei kvinne kanskje som hadde streva og streva for born og mann på husmannsplassen der oppe i fjellbygda. Eller på husmannsplassen der nede ved fjorden.

Og så ein dag van ho ikkje meir. Og det siste i saga hennar det er ei svartmåla kiste, sett ned i grava ein desemberdag på Jelsa kyrkjegard i Ryfylke. Nokre menn og eit par kvinner står der ikring grava, og lyder påorda åt presten: «Af Muld er du kommet, til Muld skal du igjen opstaa». Eit Amen. Eit par salmevers. Og presten går attende til prestegarden, til kontoret der. Han tek fram kyrkjeboka og fjørpenen og blekkflaska og skriv: «En fattig Qvinde som vandret om». Så var det kje meir. No var ho gøymd mellom «dei tusinde glemte graver». Me kan vel seie det så.

Presten brydde seg heller ikkje med namn og alder på «En skrøbe-

lig spedalsk Dreng». Han vart gravlagd 6. november 1698. Og same dagen for «Den gamle blinde på Fuglesten» til jordar. Ja, ein kan lese seg til så mangt i ei gammal kyrkjebok. Her kan det høve medordet åt dikteren: «Her lo deira morgon, her gret deira kveld».

Og attom rubrikkane ser me presten sitjande der på kontoret. Kanskje han sat der blid og smilande då ein Hadle Tvedt kom inn. Han ville ha sonen sin til dåpen. Sonen skulle få namnet Lars, etter farfaren. Og presten tok etter boka og førte namnet inn. Og i ein eigen rubrikk kjem namnet på fedrene. me veit dei høyrer med til dei mest vørde menn og kvinner i bygda.

Og me diktar og drøyer. Og ser han Hadle Tvedt som ein Tord Øveraas i Bjørnsons forteljing «Faderen». Ein Tord Øveraas i ei Ryfylke-bygd.

Ser me på «Ægteviiede», «Corpulerede», så går tanken til bryllaup. Og frå gammalt var juni bryllaups månaden for dei fleste. Det ser me i kyrkjeboka og.

Og bryllaup, det var fest i det gamle bygdesamfunnet. I enda større mon enn det er i dag. Då møttest grannar og skyldfolk. Og bryllaupet var noko av eit ættestemne. Ei stemne som varde «trio heile dagar» til endes. Og «Skålabryllaupa», dei kalla, varde i seks dagar. Og der var kjøkmeister, og spelemann. Og nøgda øl. Og dansk «kornbrendevin», når me kjem ut i 1700-talet då.

Men det var det visst lite av i bryllaupet åt Lars Askvik i Jelsa. Han fekk eit stort sølvstaup av Stavanger Amts Landshusholdningsselskab i 1780. «For aflagt Bryllupsypighed», som det står i skrivet som følgde med staupet.

Ein får tru han Lars var nøgd med bryllaupet sitt, sjølv om det ikkje var noko «Yppighed» i bryllaupet hans, korkje i matvegen eller når det gjaldt drikkeansvar.

Ånon Vik og enkja Ingrid Nes hadde og tenkt på giftarmål. Og det vart lyst for dei og, tre gonger, etter lova. Men «Førend Ægtevielsen bleve de uenige og skiltes ad saa at Partiet bleve ophævede», ser me.

Dei må ha funne ut at dei høvde ikkje saman. Og truleg var presten samd med dei i det. Og det var han nok og, då «Pigen Bolette Ingebritsdatter slet ikke vil ægtevies med Ænkemand Nils Jyderup», endå det var lyst for dei. Og «deris Forpliktelse skal ansees som ugjort», skriv presten.

Det kjem meir breidd over innhaldet i kyrkjeboka ut i 1700-talet. Me finn ikkje «En fattig Qvinde som vandret om». Det er namn på alle nå, og dei datoar og årstal som høyrer til. Og ofte er det nemnt yrkje og. Nå er t.d. «Skoleholder» og «Gjæstgiver» teke med. Og me kan råka på ein «afskediget Sergent» og. Og ein «demileret Løitnant». Og ein «Guldsmed». Eller ein

«Mestersvend» i smedfaget. Og me ser både den og den av dei kondisjonerte som «Corpuleres hjemme efter Kongelig Bevilgning». Og me les om «En Enke efter Degnen Ole Anfinson». Og om ein kaptein og prokurator «som døde efter 4 Ugers Leie af Tæring». Og då Rasmus Olsen døyr, er han nemnd både «Stevnevidne, Skydsskaffer og Opvarter paa Tingstuen». Kyrkjeboka får meir og meir ein biografisk dâm. Ja, ein finn jamvel dikt der. Eit sørgjekvede. Prestefrua er død. Og presten skriv. «Flyt, min kjære flyt. Du erindrer mit beklemte Hjerte», heiter det til innleiing. Men seier han til slutt: «Dog skal min Graad din Graasten væde».

Ein blar og blar. Frå 1695 til 1827. Namn på namn. Årstal og dato. Og fram av det heile stig bilete av det gamle bygdesamfunnet, der og presten er med - med kyrkjeboka, og med fjørpenen og blekkflaska.

Frå Haugesunds Avis 19/4 1980

(Fortsatt fra side 1)

lastet rujern i Sauda bestemt for Korsør i Danmark, men da fartøyet kom ut i Skagerak ble de overrasket av stormvær. Vindstyrken var rundt 20 sekundmeter, men innimellom var det orkanbyger og et snøråk som få husket maken til. Faktisk hadde man ikke opplevet slik uvær siden 1921 i Skagerak og det skapte store materielle skader både i Danmark og Sverige den natta.

8. november klokka 17.00 kaller "Skåre" opp Skagen Radio og spør om det er tilrådelig å fortsette ned over Skagen Rev. Etter samtale med havnekontoret og losen fikk "Skåre" beskjed om å fortsette reisen, men klokka 23.30 om kvelden sendte fartøyet nødsignaler over telefoni og meldte at båten var sprunget lekk. De ønsket assistanse straks. Fremdeles var hovedmotoren i gang, men vannet steg i maskinrommet. Det ble pumpet og øst med bøtter. Likevel trodde man at de kunne holde fartøyet flytende et par timer til.

Skagen Radio sender straks ut ut nødsignaler i eteren. Loskutteren "Lods Huth" blir varslet. fire minutter etter midnatt melder S/S "Disko" at de mener å kunne nå den oppgitte posisjonen klokka 08.00. Minuttet etter melder S/S "Nordkapp" at de vil være framme om ca. seks timer. En halv time etter melder begge båtene at de kan være framme kl. 05.30. Også loskutteren er gått ut. Samtidig går en dansk redningsbåt ut og to redningsbåter fra Sverige er også underveis. Fra Kristiansand blir det meldt at to minesveipere var gått til unnsetning.

I Skagen Radio's journal står det at man hadde flere samtaler med "Skåre" de neste to timene. Fartøyet melder at man fremdeles vil kunne bruke radio, selv om hovedmotoren stoppet. Fartøyet hadde hjelpemotorer som også vil kunne betjene pumpene. En prosjektør vil bli tendt når hjelpen ventes framme.

Klokka 02.25 melder "Skåre" at pumpene er stoppet. De vil forsøke å gi beskjed når de går i livbåten. Dette blir meddelt "Disko" og "Nordkapp", men "Nordkapp" melder tilbake at farten måtte reduseres betydelig på grunn av høy sjø og man kunne ikke være framme før klokka 08.00. "Disko" melder at de ville være framme klokka 05.30,

som før meldt.

Klokka 02.52 kommer siste melding fra "Skåre": - Ja, nå kan vi ikke holde ut lenger. Vi går i båten og må forsøke å greie oss selv. Vi tar blålys med, hvorav noen vil bli sendt opp ca. klokka 05.00. Meldingen blir formidlet videre til "Nordkapp", "Disko", Farsund Radio og Göteborg Radio. Klokka 03.48 sender Skagen Radio ut følgende: To all ships in Skagereak: please keep lookout for lifeboat with seven men drifting SSW from position 58.10 N 10.0 E, since 01.00 gmt blue lights will be blown up from lifeboat at 05.00 Gmt (gjentas deretter hver halvtime). Klokka 04.15 melder "Disco" at de gjør 9 mil og er på veg til den oppgitte posisjon, men kan ikke være framme før 05.30. Tretten minutter etter melder de at de har hatt en breakdown på maskinen og gikk nå bare for halv maskin. Klokka 04.50: "Nordkapp":-Gjør nå fem mil. Har en dampbåt om styrbord og en om babord. Klokka 05.00: "Nordkapp": - Er nå 20 mil fra posisjonen. Klokka 05.40: "Nordkapp": - Hardt vær, tar vann inn over broen. Klokka 06.10: "Nordkapp": - Er nå 14 mil fra posisjonen, men har ikke sett noen lys ennå. Klokka 13.45: "Nordkapp": - Oppgir nå ettersøkingen og fortsetter reisen. Klokka 16.10: "Disko": - Vi forsetter reisen videre klokka 18.00.

To funnet i sjøen Med dette håpet her hjemme brast. Var "Skåre" sunket med folk og last? Der fløt en bøye med "Skåre"s navn, og to av mannskapet drev i land. skriver Loffen videre. Stueren Peder Vea (39) ble funnet et par uker seinere i sjøen ved Egersund, mens en annen av mannskapet, Rasmus Johansen (Valnumsen) (27), ble funnet drivende i sjøen ved Lykling på Bremnes like etter. De ble gravlagt på henholdsvis Åkra og Utsira under stor deltagelse. - "Skåre" var en god sjøbåt, men under et slikt uvær kan alt skje, sier Sverre Vea i Åkrehamn. Han seilte som matros fra båten var ny, men gikk i land i Korpervik før båten gikk til Sauda for å laste rujern. Hans far, Ola "Skipper" Vea, som var skipper ombord siden båten var ny, gikk i land turen før ham. Stueren Peder Vea, som omkom, var onkelen hans. Han husker

godt da søskenbarnet hans, Kristina Vea, kom hjem til ham og fortalte det sørgelige budskapet om "Skåre"s forlis. Det var et sjokk. Hadde det ikke vært for at han måtte i land for å ta kystskipperskolen, hadde han nok vært med på den siste reisen for "Skåre".

*Av sognepresten ble båret frem
så trist et budskap til mange hjem.
Om havet giver og havet tar
så tung en skjebne nok dette var.*

*Ja "Skåres" mannskap var strøket med,
men til det siste de alle stred.
Og ofte hender det sådan går,
det var Guds mening vi godt forstår.*

*De hvite bærer i kirken sto,
de fikk sin kiste og krans de to.
De andre ute i havet lå,
den våte graven de skulle få.*

*Om "Skåre"s mannskap jeg nevne vil
at de var kjekke, så liketil.
Nu er de samlet, vi alle vet
de er i himlen i herlighet.*

avslutter Loffen sitt dikt om forliset.

Fire enker og tretten barn uten far, var et hardt slag for de hjemsøkte familiene på Åkra. Mannskapet som døde på havet var:

David Sjøen (33 år)
Arne Tjøsvold (38 år)
Tønnes Edvardsen (21 år)
Peder Vea (39 år)
Albert Sevland jr.(24 år)
Rasmus Johansen (27 år)
Bendik Mannes (32 år)

*Denne artikkelen er sakset fra
Avaldsnes skoles hjemmeside*

Nye medlemmer.

Gary T. Snyder	Rigdefield, CT.	USA
Paul Trygve Akre	Portland. OR.	USA
Knut Hausken	Porsmyra 26	7075 Tiller
Helmik Sævik	Sæviktun 2	4276 Vedavågen
Inge Vaaga	Nulandsvegen 2	5500 Haugesund
Jan Harald Gunvaldsen	Vikingveien 484	8370 Leknes
Olaf Sandvik	Spannevceien 667	5512 Røyksund
David A. Hansen	San Jose, California	USA
Bjørnar Sæternes	Sigrid Saxedattersv. 10a	7562 Hundahamaren
Ole Simonsen	Nedre Stokkavei 81b	4023 Stavanger
Rolf Magne Kristiansen	Sævikvegen 79	4276 Vedavågen
Thomas O. Smythe	Allegan, MI	USA
Trygve Haraseid	Gardtunet 33	5500 Haugesund
Bjørn Ove Ellingsen		4272 Sandve
Per Lund	Årvollknausen 14	4270 Åkrehamn
Svein H. Thomassen	Skreveien 153	5540 Førdesfjorden




HH dataservice



Data- og Kontortjenester

Telefon: 52 84 04 26
Telefax: 52 81 74 46

Ragnvaldjord
4275 Sævelandsvik



Returadresse:
Slektsforum Karmøy
Postboks 135
4281 SKUDENESHAVN

FOTO
BILDER

HILLESLAND

BØKER
KONTOR

elite // foto

Skudeneshavn - Åkrehamn - Kopervik - Oasen

INTERBOK

*Se vårt store utvalg i
Lokalhistorisk literatur*

KARMØY BILOMSETNING A.S

Veakrossen , Karmøy

Tlf: 52 82 49 00

Bankgiro: 3361.07.05044
Reg.no: 964 537 178 MVA

Postadr:
Postboks 3